

ROS-ANALYSE OG VURDERING NATURMANGFALDSLOVA. DETALJREGULERING AV GNR. 57, BNR. 10 M.FL, HYGGEN, MALVIK KOMMUNE.

Utarbeida 21.08.14 av Willy Wøllo, Solem Arkitektur AS

Det er ønske om etablering av forretning, kontor, tenestetyting og bustad på gnr. 57, bnr. 10 m. fl. innan deler av området synt som F/B 1 i kommunedelplan for Hommelvik / KBA 13 i forslag til ny kommuneplan. I planbestemmelsane er det fastsett krav om detaljplan før området kan byggast ut.

1 ROS-VURDERING

1.1 Sjekkliste og risikovurdering

Gjennom sjekklista nedanfor kjem ein fram til kva punkt der det er behov for å gjennomføre ei risikovurdering (punkta som er markert med "Ja" i lista).

Risiko er resultatet av kor truleg det er at hendinga skjer (S-nivå) og konsekvensen av den uønska hendinga (K-nivå).

Sjekklistevurdering:

HENDING/SITUASJON	Aktuelt	S- NIVÅ	K- NIVÅ	RISIKO	Kommentarar/tiltak
Natur- og miljøforhold					
Ras/skred/flom/grunnforhold. Er området utsett for, eller kan planen/ tiltaket medføre risiko for:					
1. Masseras/-skred	Nei				I følge NVE's kart over risiko for kvikkleireras ligg ikkje eigedomane i eit område med kvikkleiresoner. I følge NGU's løsmassekart ligg eigedomane i eit område med elveavsetjing.
2. Snø-/isras	Nei				
3. Flaumras	Nei				Ikkje bekk i nærleiken av planområdet.
4. Flodbølge	Nei				Lågaste punkt innan planområdet ligg på k +9.
5. Undersjøisk ras deponi	Nei				
6. Tidevassflaum/stormflo	Nei				Lågaste punkt innan planområdet ligg på k +9.
7. Radongass	Ukjent				Forholdet er ikkje undersøkt. I henhold til § 13-5 i Forskrift om tekniske krav til byggverk skal bygningar prosjekterast og utførast med radonførebyggande tiltak når det ikkje er dokumentert at forholda er tilfredsstillende.
Vær, vindeksponering. Er området:					
8. Vindutsett	Nei				
9. Nedbørutsett	Nei				
Natur- og kulturområde. Medfører planen/tiltaket fare for skade på eller konsekvensar for:					
10. Sårbar flora	Nei				
11. Sårbar fauna, vasslevande organismar	Nei				
12. Sårbar fauna land	Nei				

13. Verneområde	Nei				
14. Vassdragsområde	Nei				
15. Automatisk freda kulturminne	Nei				Så langt ein kjenner til er det ikkje registrert automatisk freda kulturminne innan planområdet, jamfør askeladden.re.no.
16. Kulturminne/-miljø	Nei				
Menneskeskapte forhold					
Strategiske områder og funksjonar. Kan planen/tiltaket få konsekvensar for:					
17. Veg	Ja	S4	K1	Gul	Planforslaget vil medføre endring av noverande tilkomst mellom Malvikvegen og Øyavegen via planområdet.
18. Hamn, kaianlegg	Nei				
19. Sjøkablar	Nei				
20. Sjukehus/-heim, kyrkje	Nei				
21. Brann/politi/siviltforsvar	Nei				Branntekniske løysningar må vurderast i samband med melding om byggetiltak. Tryggleiken ved brann vert teke vare på gjennom dagens brannordning i kommunen.
22. Kraftforsyningsanlegg	Nei				
23. Vassforsyning – naboskap	Ja	S3	K2	Gul	Det går ledningar inntil planområdet. I samband med byggesøknad må gjennomførast ei kapasitetsvurdering.
24. Vassforsyning – industrivatn	Nei				
25. Anna kommunal ledningssystem	Ja	S3	K2	Gul	Det går kommunale ledningar inntil planområdet
26. Forsvarsområde	Nei				
27. Tilfluktsrom	Nei				
28. Område for idrett/leik	Ja	S3	K1	Grønt	I planforslaget er lagt til rette for opparbeiding av parkeringsplassar innan idrettsanlegget, for brukarar av idrettsanlegget og for andre.
29. Friluftsområde	Nei				
30. Vassområde for friluftsliv	Nei				
Forureiningskjelde. Vert planområde utsett for:					
31. Fare for akutt forureining	Nei				
32. Permanent forureining	Nei				
33. Støv og støy; industri	Nei				
34. Støv og støy; trafikk	Ja	S3	K2	Gul	Planområdet ligg inntil Malvikvegen (FV 950), med fartsgrense 30 km/t og trafikkmengde ca 5000 ÅDT. Det er usikkert om dette talet er korrekt. Rett sør for planområdet går Øyavegen med fartsgrense 30 km / t. Trafikkmengde ikkje fastsett.
35. Støy; andre kjelder	Ja	S3	K2	Gul	Jarnbanelinje går rett ca 20 meter nord for planområdet.

36. Forureina grunn	Ja	S3	K2	Gul	Ut frå tidlegare bruk av område (bensinstasjon) kan det vera forureining i grunnen.
37. Forureining i sjø/vassdrag	Nei				
38. Høgspenlinje (stråling)	Nei				
39. Risikofylt industri mm (kjemikalier/eksplosivar osv)	Ja	S2	K3	Gul	Bensinstasjon rett vest for planområdet.
40. Avfallsbehandling	Nei				
41. Oljekatastrofeområde	Nei				
Fører planen/tiltaket til:					
42. Fare for akutt forureining	Nei				
43. Støv frå eigen trafikk	Nei				Planlagt utbygging vil ikkje føra til trafikk av eit omfang som gir vesentleg støv.
44. Støy frå eigen trafikk	Nei				Planlagt utbygging vil ikkje føra til trafikk av eit omfang som gir vesentleg støy.
45. Støy og støv frå andre kjelder	Nei				
46. Forureining til sjø/vassdrag	Nei				
47. Forureining av djuptvatn og sjøbotn	Nei				
48. Fare for uhell ved bruk av kjemikalier, eksplosivar	Nei				
Transport. Er det risiko for:					
49. Ulykke med farleg gods	Nei				I hovudsak vert farleg gods transportert utanom Fv 950.
50. Vær/føre avgrensar tilgangen til området	Nei				
Trafikktryggleik:					
51. Ulykke i av-/påkøyning	Ja	S2	K3	Gul	Risiko for ulukker ved avkøyring frå området.
52. Ulykke med gåande/syklende	Ja	S2	K3	Gul	Risiko for ulukker i Malvikvegen og Øyavegen
53. Andre ulykkespunkt	Nei				
Andre forhold:					
54. Er tiltaket i seg sjølv eit sabotasje-/terrormål?	Nei				
55. Er det potensielle sabotasje-/terrormål i nærleiken?	Nei				
56. Regulerte vassmagasin, med spesiell fare for usikker is, endringar i vassstand	Nei				
57. Naturlege terrengformasjonar som utgjer spesiell fare	Nei				

58. Gruver, sjakt, steintipp	Nei				
Spesielle forhold ved utbygging/gjennomføring					
59. Tilrigging, anleggsverksemd	Ja	S2	K2	Grønt	Riggområdet er ikkje avklart.
60. Trafikk	Ja	S3	K2	Gul	I anleggsperioden vil ferdsel i Malvikvegen og Øyavegen kunne verte påverka.

Oppsummert får me denne tabellen:

SANNSYNLIG	KONSEKVENNS			
	K1 – Liten	K2 – Middels	K3 – Stor	K4 – Svært stor
S4 – Svært stor	17			
S3 – Stor	28	23, 25, 34, 35, 36, 60		
S2 – Middels		59	39, 51, 52	
S1 – Liten				

Hending med raudt felt: Normalt er det naudsynt med tiltak.

Hending i gule felt: Tiltak må vurderast ut frå kostnad i forhold til nytte

Hending i grønne felt: "Rimelege" tiltak kan gjennomførast

1.2 Tiltaksvurdering

Med bakgrunn i analysen følgjer ei oppsummering av kva tiltak som må følgjast opp i det vidare arbeidet.

Hending	Omtale/tiltak
17. Samferdselsanlegg	Planforslaget medfører tilrettelegging av tverrveg mellom Malvikvegen og Øyavegen og endring av noverande tilkomst til utbyggingsområdet. Gateutforminga i planforslaget har teke utgangspunkt i formålsgrensene synt i forslag til ny kommunedelplan. Opparbeiding må skje i samsvar med plan som skal godkjennast av kommunen.
23/25. Kommunalt og privat ledningssystem	Det går kommunale ledningar inntil planområdet. I samband med byggesøknad må det utarbeidas VA-plan som ser på kapasitetsvurdering og lokal overvasshandtering.
34/35. Støv og støy frå trafikk og andre kjelder	Overordna kommunal støyrapport fastset at støynivået ved fasadar mot nord er større enn 55 dB. I planbestemmelsane må det tas inn krav om at lydnivå på utandørs opphaldsareal og innandørs i bygningar skal tilfredsstillende gjeldande støygrenser gitt i Miljødepartementet sin retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442/2012) og NS 8175, klasse C.
36. Forureining i grunnen	I planbestemmelsane må tas inn krav om at før det vert gitt igangsetjingsløyve etter plan- og bygningslova, må tiltaksplan for handtering av forureina grunn vera godkjent. Alternativt må dokumentasjon av at grunnen ikkje er forureina leggest fram.

39. Nærleik til risikofylt aktivitet	Ved bensinstasjonen rett vest for planområdet vert det lagra drivstoff og branntekniske løysningar må vurderast i samband med melding om byggetiltak. Tryggleiken ved brann vert teke vare på gjennom dagens brannordning i kommunen.
51/52. Trafikkulykker	Ulykkespunkt vil i hovudsak vera tilkomst til og frå offentleg veg / fortau. Avbøtande tiltak vil vera god tilrettelegging av fortau i tillegg til gode siktforhold i kryss og avkøyringspunkt.
60. Trafikk i bygge- og anleggsfasen	I planbestemmelsane må ein ta inn krav om plan for bygge- og anleggsperioden for å redusere ulemper for omgivnaden.
28. Område for idrett og leik	Opparbeiding av parkeringsplassar innan idrettsanlegget må skje slik at det ikkje er til hinder for idrettsaktiviteten.
59. Tilrigging i bygge- og anleggsfasen	I planbestemmelsane må ein ta inn krav om plan for bygge- og anleggsperioden for å redusere ulemper for omgivnaden.

2 NATURMANGFOLDLOVA - VURDERING

2.1 Lovgrunnlag

”§ 7. (prinsipper for offentlig beslutningstaking i §§ 8 til 12)

Prinsippene i §§ 8 til 12 skal legges til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig myndighet, herunder når et forvaltningsorgan tildeler tilskudd, og ved forvaltning av fast eiendom. Vurderingen etter første punktum skal fremgå av beslutningen.”

2. V

”§ 8. (kunnskapsgrunnlaget)

Offentlige beslutninger som berører naturmangfoldet skal så langt det er rimelig bygge på vitenskapelig kunnskap om arters bestandssituasjon, naturtypers utbredelse og økologiske tilstand, samt effekten av påvirkninger. Kravet til kunnskapsgrunnlaget skal stå i et rimelig forhold til sakens karakter og risiko for skade på naturmangfoldet.

Myndighetene skal videre legge vekt på kunnskap som er basert på generasjoners erfaringer gjennom bruk av og samspill med naturen, herunder slik samisk bruk, og som kan bidra til bærekraftig bruk og vern av naturmangfoldet.

§ 9. (føre-var-prinsippet)

Når det treffes en beslutning uten at det foreligger tilstrekkelig kunnskap om hvilke virkninger den kan ha for naturmiljøet, skal det tas sikte på å unngå mulig vesentlig skade på naturmangfoldet. Foreligger en risiko for alvorlig eller irreversibel skade på naturmangfoldet, skal ikke mangel på kunnskap brukes som begrunnelse for å utsette eller unnlate å treffe forvaltningstiltak.

§ 10. (økosystemtilnærming og samlet belastning)

En påvirkning av et økosystem skal vurderes ut fra den samlede belastning som økosystemet er eller vil bli utsatt for.

§ 11. (kostnadene ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshaver)

Tiltakshaveren skal dekke kostnadene ved å hindre eller begrense skade på naturmangfoldet som tiltaket volder, dersom dette ikke er urimelig ut fra tiltakets og skadens karakter.

§ 12. (miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder)

For å unngå eller begrense skader på naturmangfoldet skal det tas utgangspunkt i slike driftsmetoder og slik teknikk og lokalisering som, ut fra en samlet vurdering av tidligere, nåværende og fremtidig bruk av mangfoldet og økonomiske forhold, gir de beste samfunnsmessige resultater.”

2.2 Vurdering

§8 Kunnskapsgrunnlaget:

Kunnskapsgrunnlaget vert vurdert som godt nok gjennom databasane på naturbase.no, artsdatabanken, miljøstatus.no, skogoglandskap.no og synfaring i området.

Registreringar:

Ingen direkte registreringar innan planområdet.

Det er elles ikkje kome fram opplysningar i saka som skulle tyde på at det ut over dette finns artar eller naturtypar direkte knytt til planområdet. Det er ikkje påvist moglege effektar av tiltaket på naturmangfaldet. Kravet i § 8 om at saka skal basere seg på eksisterande og tilgjengeleg kunnskap dermed er oppfylt.

§ 9 føre-var-prinsippet og § 10 økosystemtilnærming:

Saka gjeld etablering av bygning og anlegg /parkeringsareal langs Øyavegen i Hommelvik. Området er omfatta av kommunedelplan. Gjennom behandling av kommunedelplanen ligg det føre nok kunnskap om kva verknader tiltaket vil få.

§ 11 Kostnadane ved ei miljøsvækking skal dekkast av utbygger:

Det vert lagt til grunn at utbygger tek kostnader ved å stelle til området rundt etter at byggearbeidet er ferdig.

§12 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar:

Opparbeiding av byggeområdet og samferdselsanlegg vil skje med bakgrunn i plan for vern av omgjevnaden mot støy og andre ulemper i bygge- og anleggsfasen.

Konklusjon:

Samla vurdert er det funnet løysningar som gir dei best samfunnsmessige resultat.